



Lindås VVS AS  
Postboks 42  
5951 LINDÅS

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 15/2282 - 15/28449

Saksbehandlar:  
Anne Lise Molvik  
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:  
16.10.2015

## Utsleppsløyve på vilkår for hytte - gbnr 124/5 Kjeilegavlen.

**Administrativt vedtak. Saknr: 400/15**

**Tiltakshavar:** Tore Atle Haukeland  
**Ansvarleg søker:** Lindås VVS NT AS  
**Type utslepp :** Sanitært avløpsvatn med utslepp mindre enn 50 pe  
**Søknadstype:** Forureiningslova § 11, jf. forureiningsforskrifta § 12-5

### SAKSUTGREIING:

#### Tiltak

Saka gjeld søknad om nytt utsleppsløyve for eksisterande hytte på gbnr 124/5 i samband med at det skal leggjast offentleg vatn inn i bygget. Det skal installerast vassklosett. Utsleppet frå eigedomen skal reinsast i slamavskiljar før det reinsa utsleppet vert ført i tett leidning til sjø på 15 meter djupne. Storleiken til utsleppet er opplyst til 2 pe. Det vert elles vist til søknad mottatt 21.05.2015.

#### Planstatus

Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i Kommunedelplan for Lindåsneset med Mongstad er avsett til LNF-føremål. Tiltaket ligg også innanfor 100-metersbeltet langs sjø og er omfatta av byggjeforbodet i pbl § 1-8. Tiltaket er i strid med både LNF-føremålet og byggjeforbodet i strandsona og treng følgjeleg dispensasjon for å kunne godkjennast. Det er søkt om dispensasjon, jf søknad mottatt 21.05.2015.

#### Nabovarsel

Tiltaket er nabovarsla. Det ligg ikkje føre merknader.

#### Plassering



Plassering og utsleppsstad er vist i kart i mottatt 21.05.2015.

### **Reinseløysing**

Utsleppet frå eigedomane skal reinsast i slamavskiljar før det reinsa utsleppet vert ført vidare i tett leidning til sjø. Utsleppspunktet er opplyst ligg på 15 m.

Reinseløysinga stettar krava til utslepp i mindre følsamt område.

### **Privatrettslege tilhøve**

Tiltaket skal plasserast på tiltakshavar sin eigedom og er ikkje avhengig av privatrettslege avtalar.

### **Drift og vedlikehald**

Slamavskiljarar knytt til heilårsbustadar eller fritidsbustadar skal tømmast heilt for slam etter behov, og ikkje sjeldnare enn kvart 2. år for heilårsbustadar og kvart 4. år for fritidsbustadar, jf forureiningsforskrifta § 12-13. Eigedommen skal inngå i den kommunale slamtømmeordninga.

Føretaket Johnny Birkeland Transport AS som har kontrakt på slamtømming skriv i brev mottatt 12.10.2015 at slamtømming må skje med traktor/liten bil.

### **Naturmangfaldlova**

I Naturbasen er sjøområdet Hopssundet- Mjåsundet registrert som «kartlagt friluftlivsområde».

Administrasjonen er ikkje kjend med at det er andre særskilde interesser i området.

## **VURDERING**

Naudsynte slamavskiljar skal inngå i den kommunale slamtømmeordninga, jf Forskrift for slamtømming.

Forskrifta gjeld for heile kommunen med unntak av

- Veglause grender og øyar og eigedomar som elles ikkje er tilknytt offentleg vegnett
- Eigedomar der tømme tanken ligg lengre enn 100 meter frå køyrbar bilveg
- Eigedomar der tømme tanken ligg lågare enn 8 meter frå køyrbar bilveg.

Det er veg, skildra som anleggsveg, fram til eigedommen. Føretaket Johnny Birkeland Transport AS som har kontrakt på slamtømming skriv i brev mottatt 12.10.2015 at slamtømming må skje med traktor/liten bil.

Det vil seia at slamtømming ikkje er mogleg innanfor vilkåra i den kommunale slamtømmeforskrifta.

Ordninga krev eigen avtale mellom føretaket som tømmer slam og abonnenten. Når slamtømming ikkje er mogleg innanfor vilkåra i slamtømmeforskrifta kan det heller ikkje gjevast utsleppsløyve som omsøkt.

I samsvar med forureiningsforskrifta § 12-9 kan gråvatn førast til sjø i mindre følsamt område utan reinsing.

Sjøresipienten i området vert vurdert som god. Administrasjonen vurderar at registrerte friluftinteresser i området ikkje er til hinder for å kunne gje utsleppsløyve for gråvatn utan reinsing til området.

Søknaden om utsleppsløyve kan etter kommunen si vurdering godkjennast på vilkår av at utsleppet berre omfattar gråvatn. Vassklosett vert ikkje tillatt installert. Det må nyttast avlaupsfritt toalett.

### **Godkjenning etter anna lovverk**

Tiltaket krev at det vert gitt løyve til tiltaket etter reglane i plan- og bygningslova og hamnelova. Det er søkt om løyve til tiltak og dispensasjon frå LNF-føremålet og byggjeforbodet i strandsona, jf pbl § 1-8.

Søknad vert handsama når klagefristen for utsleppsløyvet er ute.

Administrasjonen gjer merksam på at dersom tiltaket berre omfattar leidningar i grunnen, ikkje slamavskiljar eller andre tiltak over bakken, og tiltaket ligg på eigen grunn, ikkje vil gje varige spor i naturen eller vil vanskeleggjera ei gjennomføring av gjeldande plan vil dispensasjon frå plan og byggjeforbod i strandsona ikkje vera naudsynt, jf skriv frå KMD datert 10.06.2015.

Søknad om løyve etter hamnelova vert å senda av Bergen og Omland Havnevesen for handsaming.

## VEDTAK

**Med heimel i forureiningslova § 11, forureiningsforskrifta §§ 12-3 og 12-5 vert det gjeve utsleppsløyve frå hytte, på 2 pe, på følgjande vilkår:**

1. Løyvet gjeld utslepp av gråvatn. Det skal installerast avlaupsfritt toalett.
2. Utsleppet skal førast i tett og nedgraven leidning til sjø på minimum 10 meter djupne.
3. Anlegget skal plasserast slik det går fram av kart mottatt 21.05.2015.
4. Eigedomen skal knytast til offentleg godkjend avlaupsleidning eller anna felleisleidning dersom slike vert ført fram til området og kommunen set krav om det.
5. Etablering av anlegget kan ikkje ta til før det ligg føre løyve til tiltak etter plan- og bygningslova og hamnelova.

## Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

## Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høvet til å klaga på vedtaket vera nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

## Ansvar

Anleggseigar er ansvarleg for at alt arbeid følgjer føresegner gjeve i eller i medhald av forureiningslova og plan- og bygningslova. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner, gjeld føresegnene før løyvet. Vedtak etter forureiningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve.

## Bortfall av løyve

Er arbeidet med etablering av avløpsanlegget ikkje sett i verk innan tre år etter at løyve er gitt, eller vert arbeidet innstilt i lengre tid enn to år, fell retten til å etablere utsleppet vekk. Om utslepp framleis er aktuelt må ny søknad sendast inn, jf. forureiningsforskrifta § 12-5, fjerde ledd.

#### **Tilsyn, endring og opphøyr av løyvet**

Kommunen er forureiningsstyresmak og fører tilsyn med at føresegner, lovverk og vedtak fatta i tråd med forureiningsforskrifta kapittel 12 vert følgd. Forureiningsstyresmakta har rett og plikt til å utføra tilsyn med avlaupsanlegga. Tilsynet vil kunna omfatta kontroll av anlegget si yting/funksjon og kontroll av kvalitet på utført sørvis og vedlikehald. Eigar av anlegget må dekkja kostnader knytt til tilsyn og kontroll, jf. forureiningslova kap.7.

Om utsleppet fører til uventa forureiningsproblem, kan forureiningsstyresmakta oppheva eller endra vilkåra i utsleppsløyvet, setja nye vilkår og om naudsynt kalla tilbake løyvet i samsvar med forureiningslova § 18, jf. forureiningsforskrifta § 12-14.

#### **GEBYR**

Med heimel i plan- og bygningslova § 33-1 og Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste vert det følgjande gebyr i saka:

Kode	Skildring	Tal	Sum
17.2.3	Utslepp < 50 pe	1	Kr 5 600,-
	Totalt gebyr å betala		Kr 5 600,-

#### **Klage over gebyr**

Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klaga over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klagen skal vera grunngjeven.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 15/2282

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Anne Lise Molvik  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

#### **Kopi til:**

Tore Atle Haukedal

Torvli 9

5122

MORVIK

**Mottakrar:**  
Lindås VVS AS

Postboks 42 5951

LINDÅS